

# KONTROLLUTVALET I ÅLESUND KOMMUNE



## MØTEBOK

Møtedato: 17.03.2021 kl.16.00

Møtestad: Kommunerevisjonen sine lokalar i Lerstadvegen 545.

Møtet vart leia av Bente Bruun.

Elles deltok: Kåre A. Hanken, Knut Helge Vestre og Terje Devold (vara).  
Forfall Jannicke Strømmen og Terri-Ann Senior.

= **4 voterande**

Frå kontrollutvalssekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal og rådgivar Solveig Kvamme.

---

## Ålesund kontrollutval



**Saksgang:** kontrollutvalet  
**Saks nr.:** 12/21

**Møtedato:** 17.mars 2021  
**Sakshandsamar:** Solveig Kvamme

---

## GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ 3. mars 2021

---

Sakspapir frå kontrollutvalssekretariatet sendt ut 10. mars 2021

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet godkjenner møtebok frå møtet 3. mars 2021.



---

## **OPPMODING OM VURDERING AV DRIFTSMESSIGE TILHØVE VED ÅLESUND KOMMUNES ADMINISTRASJONSBYGG AS – SAK 11/21 UTSETT FRÅ FØRRE MØTE**

---

Sakspapir frå kontrollutvalssekretariatet sendt ut 10. mars 2021

### **Habilitet:**

Dagleg leiar Bjørn Tømmerdal opplyste om at han var styreleiar for Ålesund kommunes administrasjonsbygg AS ein periode før 2012. Som tenestemann vurderer han eigen habilitet og kan eventuelt legge det fram for sin overordna til vurdering. Så er gjort. Han er vurdert som habil.

Medlem i kontrollutvalet Kåre A. Hanken bad om vurdering av sin habilitet med bakgrunn i at han var styreleiar for Ålesund kommunes administrasjonsbygg AS i 2017 og 2018. Utvalet vurderte han som habil.

Hanken gjekk frå møte medan utvalet vurderte habilitetsspørsmålet.

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak i habilitetsspørsmålet:**

Ålesund kontrollutval vurderer Hanken som habil.

Kåre A. Hanken tok del i møtet igjen.

### **Handsaming av saka:**

#### **Tilråding til vedtak:**

1. Kontrollutvalet bed sekretariatet legge fram ei vurdering av selskapet si etterleving av gjeldande leigeavtale med kommunen i perioden 2018-2020.
2. Utvalet vil kome attende til eventuelle tilrådingar rundt selskapet i samband med sin rapport til kommunestyret.

**Alternativt forslag til vedtak** fremma av Terje Devold:

*Ålesund kontrollutvalg registrerer at vedtektene til Ålesund kommunes administrasjonsbygg AS, samt leieavtale inngått mellom selskapet og selskapets eier Ålesund kommune, kan fremstå som uklare og til dels selvmotsigende.*

*Kontrollutvalget viser til at Ålesund kommune som eier og leietaker har både rett og plikt til å rette opp i dette, med den kompetanse kommunen besitter.  
Utover ovennevnte finner ikke Ålesund kontrollutvalg grunn til å iverksette videre tiltak i saken.*

*Dersom Ålesund kommunestyret er av en annen oppfatning ber kontrollutvalget om et tydelig oppdrag.*

Terje Devold sitt forslag vart samrøystes vedteken.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Ålesund kontrollutvalg registrerer at vedtektene til Ålesund kommunes administrasjonsbygg AS, samt leieavtale inngått mellom selskapet og selskapets eier Ålesund kommune, kan fremstå som uklare og til dels selvmotsigende.

Kontrollutvalget viser til at Ålesund kommune som eier og leietaker har både rett og plikt til å rette opp i dette, med den kompetanse kommunen besitter.  
Utover ovennevnte finner ikke Ålesund kontrollutvalg grunn til å iverksette videre tiltak i saken.

Dersom Ålesund kommunestyret er av en annen oppfatning ber kontrollutvalget om et tydelig oppdrag.

Bente Bruun

Leiar

(sign.)

Knut Helge Vestre

Medlem

(sign.)

Kåre Alfred Hanken

Medlem

(sign.)

Terje Devold

Varamedlem

(sign.)